

MØTEREFERAT 21. september 2023

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 21. september 2023
	16.00-17.00 Pizza
	17.00-19.00 Tilsette og Sokneråd saman
	19.00-21.00 Soknerådsmøte, nye og gamle møtes.
Møtestad:	Nysæter kyrkje

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Tormod Stautland, Ida Elin Tvedt, Sigrid Theodorsen Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Marit Magnussen Romfog, Roald Sangolt, Wenche Elin Midttun, Ingebjørg R. Grønsdal, Reidar Ådnanes,

Møtte ikkje: Karen Marie Valvatne, Randi Bod Haugsdal, Kristine Wiersen, Ståle Betten,

SAKLISTE

2023/30 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Kommentar: Det har kome inn ei sak etter at innkallinga vart sendt ut. Søknad frå Sanctus om stønad. Fører den på som sak 2023/35.

Vedtak: Godkjent.

2023/31 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 05.09.2023

Vedtak: Godkjent.

2023/ 32 - 002.31 Godkjenning og evaluering av valet

Saksutgreiing: Soknerådet må godkjenna valresultatet for at det skal vera eit gyldig val. Me har ei kort evaluering av valet.

Vedtak: Soknerådet godkjenner valresultatet slik det ligg føre.

2023/33 - 020 Planarbeid i Nysæter sokn

Saksutgreiing: Vedlagt ligg planen slik den ser ut no. Det er denne planen me vil presentera for dykk i møte. Med ein slik presentasjon håpar me at nytt sokneråd vil få ei forståing for arbeidet i soknet.

2023/34 - 340 Kor for utviklingshemma

Saksutgreiing: Elfrid Kartveit har vore i kontakt med diakoniutvalet og forsøker å starta opp eit kor for utviklingshemma som opplever tilhøyrsløse i Kyrkja. Sjå vedlagt brev til sokneråda. Soknerådet er bede om å vurdere om ein ynskjer å leggja tilrette for at dette vert teke inn som ein del av kyrkja sitt arbeid. Korleis kan eventuelt kyrkja legge tilrette for tiltaket. Dette er eit arbeid for ei målgruppe kyrkja har lite anna tilrettelagt aktivitet for. Soknerådet ynskjer å leggja til rette for arbeidet gjennom å markedsføra tilbodet. Dei ynskjer også at koret kan delta på gudstenester når det er i gang. Kyrkja har ikkje tilsette til å gå inn i dette arbeidet på fast basis no. Det er mogleg for koret og søkje soknerådet om midlar til oppstart.

Vedtak: Soknerådet er positive til oppstart av kor for utviklingshemma i Nysæter kyrkje, på nærare avtalte vilkår.

2023/35 - 350 Søknad om støtte frå Sanctus pr 19.09.23

Saksutgreiing: Det er kome søknad får koret Sanctus. Dei hadde eit stort prosjekt i juni – tråd inn i dansen. Dei har eit underskot etter dette prosjektet. Sanctus søker om støtte på 8000,-

Vedtak: Soknerådet går inn og dekkar desse 8000,- For ettertid ynskjer soknerådet å få søknad om underskotsgaranti i forkant av arrangementet.

- **Generell informasjon**

1. Samling for frivillige i gudstenestene vert planlagt tysdag 26.09 kl 17.00 i Nysæter kyrkje.
2. Gudstenester framover
3. Basar 28.10. Det er nokre utfordringar i samanheng med loddosal på butikkane.
4. Reidar informerer frå staben: Solveig Høyland og Solbjørg Angeltveit jobbar både med diakoni og trusopplæring. Fridleif er einaste søker og innstilt til stillingen. Mest sansynleg vil han bli tilsett 03.10 og i gang frå midten av november.

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd
Tid: 31. oktober 2023 kl 17.00-19.00
Møtestad: Nysæter kyrkje
Opning:
Kaffi:

